



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Formannskapet



Møtedato: 05.06.2024
Møtetid: 12:00-15:30
Møtestad: Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Lars Fjeldstad	Ordfører	SP
Alexander Thunestvedt	Varaordfører	AP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Politisk sekretær
Kommunedirektøren
Kommunalsjefen for samfunnsutvikling

Ekstra informasjon til møte:

Generalforsamling for Opro AS og Osterøy Utvikling.

Møtebok er publisert på kommunen sin heimeside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
EV 4/24	Opro AS - generalforsamling 2024
EV 5/24	Osterøy Utvikling AS - generalforsamling 2024
PS 32/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 33/24	Godkjenning av møtebok 05.06.2024
PS 34/24	Årsrekneskap og årsmelding 2023
PS 35/24	Revidert investeringsbudsjett 2024
PS 36/24	Tertialrapport 1.tertial 2024
PS 37/24	Planstrategi 2024 - 2027
PS 38/24	Alkoholpolitisk handlingsplan 2024-2028
PS 39/24	Folkehelseoversikt 2023 - 2024 for Osterøy kommune
PS 40/24	Retningslinjer for etablering av flyktningar
PS 41/24	Opptak av ny deltakarkommune i BOF
EV 6/24	Andre saker/spørsmål

Lars Fjeldstad

Ordfører

EV 4/24 Opro AS - generalforsamling 2024

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 4/2024 Opro AS - generalforsamling 2024:

Opro AS gjennomførte generalforsamling.

Det vert ført eige protokoll frå dette møtet.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 4/2024 Opro AS - generalforsamling 2024:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.

EV 5/24 Osterøy Utvikling AS - generalforsamling 2024

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 5/2024 Osterøy Utvikling AS - generalforsamling 2024:

Osterøy Utvikling AS gjennomførte generalforsamling.

Det vert ført eige protokoll frå dette møtet.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 5/2024 Osterøy Utvikling AS - generalforsamling 2024:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka

PS 32/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 32/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Turid B. Njåstad, SP, varsla eit spørsmål om referat frå SU møtene i skule og barnehage.

Ordføraren meldte inn ein sak om Stiftina Mjelstad Restdeponis Etterdriftsfond.

Kommunedirektøren varsla eit spørsmål som gjeldt læringsnettverk for berekraftig omstilling.

Det var elles ingen merknad til innkalling og saksliste.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 32/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

PS 33/24 Godkjenning av møtebok 05.06.2024

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 33/2024 Godkjenning av møtebok 05.06.2024:

Det var ingen merknader til møtebok.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 33/2024 Godkjenning av møtebok 05.06.2024:

Møtebok frå 08.05.2024 vert godkjend.

PS 34/24 Årsrekneskap og årsmelding 2023

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 34/2024 Årsrekneskap og årsmelding 2023:

AVRØYSTING:

Kommunedirektøren sin innstilling vert samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 34/2024 Årsrekneskap og årsmelding 2023:

Årsmelding og rekneskap for 2023 vert godkjent slik dei ligg føre. Meirforbruket på 22,4 mill. vert foreslått dekkja inn med bruk av disposisjonsfondet.

PS 35/24 Revidert investeringsbudsjett 2024

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 35/2024 Revidert investeringsbudsjett 2024:

AVRØYSTING:

Kommunedirektøren sin innstilling vert samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 35/2024 Revidert investeringsbudsjett 2024:

Investeringsbudsjettet for 2024 si ramme vert auka med 2 400 000,-

Auken i investeringsbudsjettet med kr. 2 400 000,- blir finansiert med eit låneopptak (nye lån) på kr. 962 500,-.

PS 36/24 Tertialrapport 1.tertial 2024

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 36/2024 Tertialrapport 1.tertial 2024:

AVRØYSTING:

Kommunedirektøren sin innstilling vert samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 36/2024 Tertialrapport 1.tertial 2024:

Økonomirapport pr. 1.tertial 2024 vert teken til vitande.

PS 37/24 Planstrategi 2024 - 2027

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 37/2024 Planstrategi 2024 - 2027:

AVRØYSTING:

Kommunedirektøren sin innstilling vert samrøystes vedteke

Ordføraren sitt tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 37/2024 Planstrategi 2024 - 2027:

Planstrategi for Osterøy kommune 2024 – 2027 vert sendt på offentleg høyring og lagt ut på kommunen si heimeside slik den ligg føre.

Rapporten vert overført til kommunen sin mal for rapportar.

PS 38/24 Alkoholpolitisk handlingsplan 2024-2028

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 38/2024 Alkoholpolitisk handlingsplan 2024-2028:

AVRØYSTING:

Kommunedirektøren sin innstilling vert samrøystes vedteke

Ordføraren sitt tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 38/2024 Alkoholpolitisk handlingsplan 2024-2028:

Alkoholpolitisk handslingplan 2024-2028 vert vedteke slik den ligg føre med endringar markert i raudt og gult og slikt tillegg:

Nytt avsnitt under 2.7: Unntak for dette gjeld for lokale produsentar ved sal i og ved produksjonslokaler.

PS 39/24 Folkehelseoversikt 2023 - 2024 for Osterøy kommune

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 39/2024 Folkehelseoversikt 2023 - 2024 for Osterøy kommune:

Ordføraren hadde slik merknad: Formannskapet ber om at administrasjonsutvalet får framlagt sak om rutinar for vald og truslar i skulen til neste møte.

AVRØYSTING:

Kommunedirektøren sin innstilling vert samrøystes vedteke

Ordføraren sitt tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 39/2024 Folkehelseoversikt 2023 - 2024 for Osterøy kommune:

Kommunedirektøren rår til at Folkehelseoversikt 2023 – 2024 vert vedteke slik han ligg føre.

Rapporten vert overført til kommunen sin mal for rapportar.

PS 40/24 Retningslinjer for etablering av flyktningar

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 40/2024 Retningslinjer for etablering av flyktningar:

AVRØYSTING:

Kommunedirektøren sin innstilling vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 40/2024 Retningslinjer for etablering av flyktningar:

Retningslinjene vert vedteke slik dei ligg føre.

PS 41/24 Opptak av ny deltakarkommune i BOF

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 41/2024 Opptak av ny deltakarkommune i BOF:

AVRØYSTING:

Kommunedirektøren sin innstilling vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 41/2024 Opptak av ny deltakarkommune i BOF:

Heradsstyret i Osterøy kommune gir med dette sin tilslutning til at Voss herad blir ny deltakar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefellesskap med verknad frå 01.01.2025.

Den nye deltakarkommunen sitt ansvar og forpliktelser følgjer av samarbeidsavtalen og lov om kommuner og fylkeskommuner (LOV-2018-06-22-83 fra 01.01.2020 «kommuneloven»)

EV 6/24 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 6/2024 Andre saker/spørsmål:

Turid B. Njåstad, SP, hadde slikt spørsmål: Kan det politiske, til dømes levekårsutvalet, få referata frå samarbeidutvalsmøtene (SU) i skule og barnehagane?

Kommunedirektøren svarte slikt: det skal vi ordne.

Ordføraren hadde slik orientering: Osterøy kommune er med Stiftina Mjelstad Restdeponis Etterdriftsfond. Miljødirektoratet har konkludert med at det ikkje lenger er riktig å drive etterdrift i form av stifting. Forslaget no er at stiftinga vert avvikla og at midlane som ligg i stiftinga går til etterdrift via bankgarantien, handtert av BIR.

Ordføraren ber, på oppmoding frå FRP, kommunen om å undersøkje om det er mogleg om kommunen kan få overført nokon av midlane til stiftinga direkte til kommunen ved avvikling.

Kommunedirektøren orienterte formannskapet om at Statsforvaltaren i Vestland inviterer kommunar i Vestland til å delta i nytt læringsnettverk for berekraftig omstilling. Kommunedirektøren spurde formannskapet om dei ønskjer at kommunen skal søkje om å delta.

Formannskapet ba kommunedirektøren om å søkje på deltakelse for Osterøy kommune.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 6/2024 Andre saker/spørsmål:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.